

Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage

For barnehagar i Vestland



Statsforvaltaren i Vestland



05.10.2023



Bakgrunn for den regionale ordninga

- Det er dokumentert store skilnadar i barnehagesektoren når det gjeld kvalitet
- Eit kompetent personale er ein føresetnad for god kvalitet
- Den regionale kompetanseordninga er regjeringa si satsing på kompetanseutvikling i *barnehage*
- Målsetting for ordninga er mellom anna å:
 - styrke den kollektive kompetansen i barnehagen ut frå lokale behov, gjennom partnerskap med høgskulen
 - sikre alle barn eit barnehagetilbod av høg kvalitet
 - realisere krav og intensjon i rammeplan for barnehagen



Kva?

- Tematiske satsingsområde for ordninga
 - Barnehagen som pedagogiske verksemd
 - Kommunikasjon og språk
 - Eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning
 - Barnehagens verdigrunnlag
- Sjå «[kompetanse for fremtidens barnehage](#)» og «[Barnehager mot 2030](#)» for nærare informasjon
- Konkrete tiltak skal utformast i samarbeid mellom barnehageeigar og høgskulen.



Kven kan delta?

- Den regionale kompetanseordninga skal ikkje finansiere all kompetanseutvikling i barnehagar
- Eigar har ansvar for kompetanseutvikling som setter dei tilsette i stand til å arbeide i samsvar med lov og rammeplan
- Den regionale kompetanseordninga endrar ikkje eigar sitt ansvar på området
- Men: Dei av barnehageeigarane som etter ei vurdering har identifisert behov for kompetanseheving innanfor dei fire områda, kan melde frå om dette
- Barnehagar kan ha behov på eit område, og samstundes har gode kvalitetar på andre felt
- Utviklingsarbeidet skal vere barnehagebasert, og skal skje i partnerskap med dei som utdannar barnehagelærarar (UH)



Korleis?

- Private og kommunale barnehagar vurderer behovet for kompetanseutvikling
- Vurderinga av behov skal byggje på kjente verktøy, og skal vere handterleg for den einskilde eigar
- Barnehagane melder frå til kommunen som barnehagemyndigheit om kvifor dei treng barnehagebasert kompetanseutvikling, og på kva av dei prioriterte områda dei treng kompetanseutvikling
- Det er ei årleg avgjerd om kva barnehagar som skal med i ordninga, og dette skjer i eit samarbeid mellom barnehagemyndigheitene, private og kommunale eigarar, PBL og UH-sektoren
- Dei lokale høgskulane (HVL og NLA) kjem ut til barnehagane som er med i ordninga og arbeider saman med personalet



Kompetanseutviklingen skal være barnehagebasert

- Kva er barnehagebasert kompetanseutvikling?
 - utviklingsarbeid som involverer heile personalet og går føre seg i den enkelte barnehage
 - tilsette frå høgskulen reiser ut i barnehagar, utviklingsarbeidet skjer lokalt
 - i partnarskap med høgskulen
 - samarbeid om å vurdere behov, planlegge og gjennomføre tiltak
 - eit samarbeid som bidreg til gjensidig læring og til å endre praksis
 - arbeidet er forankra hos barnehageeigar, styrar og pedagogisk leiar
 - utvikling på tvers av kompetanse og erfaring hos personalet



Organisering og ansvarsfordeling Vestland

Ansvar til barnehageeigar - kommunale og private

- *Kartlegge og synleggjere kompetansebehov i barnehagen.
- *Formidle kompetansebehov til barnehagemyndigheiten om ein ønskjer å melde behov inn i den regional kompetanseordninga.

Ansvar til barnehagemyndigheit

- *Ha oversikt over tilstand og kompetansebehov i kommunen (alle eigarar).
- *Synleggjer kva kartleggingar og vurderingar som ligg til grunn for tilstandsbilete.
- *Informere barnehageeigarar om ordninga

Ansvar til regionane

- *Ha eit samla oversyn over kompetansebehova i regionen.
- *Samle seg om ei prioritering lokalt som så skal leggjast fram i samarbeidsforum
- *drøfte kartlegging, behov og tiltak med UH

Ansvar til samarbeidsforum

- *Lage ein langsiktig plan for kompetanseutvikling
- *Prioritere mellom innspela frå dei lokale nettverka
- *Fordele midlar. Grunngje prioriteringane, sikre at prioriteringane er i tråd med føringar for ordninga og at UH-sektoren er involvert.



Kor mykje?

- I 2023 utløyser kvart prosjekt mellom kr 99 000 og kr 297 000, med utgangspunkt i tal tilsette som tar del i ordninga:

Tal tilsette	Total tildeling
1 til 15	kr 99 000,0
16 til 25	kr 165 000,0
26 - 35	kr 231 000,0
35-45	kr 297 000,0

- Desse satsane kan bli noko oppjusterte i 2024. Midlane skal **berre** gå til arbeid i barnehagane (høgskulen får eigne midlar)
- Midlane til barnehagane kan nyttast til:
 - vurdering av kompetansebehov
 - planlegging og utvikling av kompetanseutviklingstiltak
 - gjennomføring og vurdering av kompetanseutviklingstiltak
 - I praksis frikjøp av tid til arbeid med utviklingsarbeidet



Status for ordninga i Vestland

- I 2023 hadde Vestland nær 22,5 millionar kronar til barnehagebaserte tiltak
 - av desse midlane gjekk rundt 11,3 millionar til barnehagane
- 53 barnehagar kom med i ordninga i 2023 (alle som oppfylte vilkåra)
- Kor mange barnehagar som kjem med i ordninga i 2024, vil vere avhengig av statsbudsjett og storleiken på barnehagane som melder behov
- Kvart utviklingsprosjekt får ei tidsramme på inntil to år (fire semester) for kvart utviklingsprosjekt
- Den einskilte kommune (som barnehagemyndigheit) informerer barnehagane (både private og kommunale) om korleis dei kan gå fram lokalt for å melde behov til opptak i 2024